

## Damevennene strålende nøgd med Aktivitetsdagen!

18.06.2013



Anette Sund og resten av Damevennene har all grunn til å vera nøgd med årets Aktivitetsdag - og med optimistprisen dei vann i Hopp i Havet konkurransen :-)

**Damevennene er strålende nøgd med årets Aktivitetsdag. Omsetninga enda på heile kr. 95.000,-!**

Kva overskuddet blir er ikkje kjent enda, men det er klart at det blir ein flott sum vi kan overrekka til Aktivitetshuset i år. I tillegg kjem inntektene frå Bondelaget sine aktivitetar som og går til Aktivitetshuset. Det er og grunn til å tru at idrettslaget fekk eit flott overskudd på Andaløpet sitt.

Vi vil takka alle som var med og gjorde sitt til at resultatet vart så bra. Alle som var med å hjalp til både før, under og etter arrangementet og ikkje minst publikum som nok eingong straumde til i hopetal.

Tusen takk alle saman!

Damevennene